**Fra:** Inge Herman Rydland <rydlandmail@gmail.com>
**Sendt:** onsdag 13. januar 2021 12:40
**Til:** Postmottak Alver
**Emne:** Ombygging/reperasjon løe, Rydland 173/3
**Vedlegg:** 1 - Løe fasade vest.jpeg; 3 - Løe fasade sør.jpeg; 5 - Plan.jpeg; 2 - Løe fasade nord.jpeg.jpeg; 4 - Løe fasade øst.jpeg; 6 - ny fasade vest.jpeg; 7 - ny fasade nord.jpeg; 8 - ny fasade øst.jpeg; 9 - ny fasade sør.jpeg; 10 - Snitt A-A.jpeg; 11 - Situasjonsplan.jpeg; Søknad s 1.jpeg; Søknad s 2.jpeg

Hei,

Viser til tidlegare kommunikasjon om saka, og sender herved over søknad om byggjeløyve for reparasjon og ombygging av løa på Rydland 173/3.
Med denne e-post ligg det 11 skisser/teikningar som viser gamal og ny fasade, plan og situasjonsplan med gjeldande vegar/utkøyring.

Formålet med dette prosjektet er å ta vare på ein viktig bygning på garden, og å gjera ho meire yttig for drifta.

Mønehøgda vert løfta ca 140 cm (som taktkant mot vest over gjødselskjellaren for nokre år sidan).
Grunnen til det er å få betre utnytting av areala i høgda for kjørebrua.
Heile taket og særleg veggar mot sør og nord reparerast. Vegg mot aust vart reparert i 2019.

Når eg bygde om gjødelskjellar meldte kommunen (Lindås) att eg ikkje trong nabovarsel.
Med denne eposten ber eg kommunen om også å sjå bort i frå nabovarsel for denne søknaden. Næraste nabohus til løa ligg meir enn hundre meter borte.
Eg ber om ei snarleg vurdering av dette.

Ser fram til ein fortsatt god dialog med kommunen om dette prosjektet, og vonar på ei snarleg avgjerd på søknaden min.

mvh
Inge Herman Rydland